I nytt femte ledd reguleres hvilken fylkeskommune som har ansvaret for å skrive ut vitnemål dersom privatisten ikke har mottatt noen standpunktkarakterer i videregående opplæring tidligere. Dette vil gjelde de som tar hele videregående opplæring som privatist. I slike tilfeller har den fylkeskommunen der vedkommende er bosatt ansvaret, normalt den fylkeskommunen der vedkommende er folkeregistrert. Andre fylkeskommuner kan ikke utstede vitnemål for vedkommende. Også i slike tilfeller har fylkeskommunen mulighet til å delegere oppgaven, se merknad til fjerde punktum.

§ 3-43 fjerde ledd skal lyde:

Kravet om gjennomført vidaregåande opplæring på normal tid kan etter søknad bli utvida til maksimalt fem år. Dette gjeld dersom *eleven har fått innvilga søknad om omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd, eller har fått rett til ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd. Dette gjeld òg dersom det blir lagt fram skriftleg dokumentasjon på at eleven har vore fråverande frå opplæringa ein lengre periode i løpet av eit opplæringsår på grunn av*

a) internasjonal utveksling som medfører tap av opplæringstid

b) folkehøgskole, verneplikt eller omsorgsarbeid som er utført i minst seks månader av opplæringsåret, eller

c) langvarig sjukdom.

Merknad

I gjeldende § 3-43 fremstår det som om man må ha vært fraværende i en lengre periode for å kunne få førstegangsvitnemål, selv om omvalg eller ekstra opplæringstid er innvilget. Dette foreslås justert i bestemmelsen ved at det presiseres at «normal tid» kan bli utvidet til fem år både dersom eleven har fått innvilget søknad om ekstra opplæringstid eller omvalg, og dersom det dokumenteres skriftlig at eleven har vært fraværende i en lengre periode pga. internasjonal utveksling, folkehøgskole, verneplikt, omsorgsarbeid i minst seks måneder, eller langvarig sykdom. Da bestemmelsen allerede viser til at fraværet må ha vart i en lengre periode, og dette påpekes i eller er en forutsetning i bokstav a til c, foreslår vi å presisere at vilkårene er alternative. Flere av vilkårene kan være oppfylt på en gang, men årsakene kan ikke slås sammen. Dvs. at kort internasjonal utveksling og noe fravær på grunn av sykdom, som hver for seg ikke oppfyller vilkårene, ikke til sammen kan utgjøre et lengre fravær. Bestemmelsen er uttømmende.

§ 4-2 andre, tredje og fjerde ledd oppheves.

Merknad

Bestemmelsen tilsvarer § 3-2, foruten henvisningen til orden og oppførsel. Se merknader til opphevelse av § 3-2 andre, tredje og femte ledd.

§ 4-3 skal lyde:

§ 4-3 Grunnlaget for vurdering i fag

Grunnlaget for vurdering i fag er *kompetansemåla* i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-2 eller § 1-3.

Føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til deltakaren skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag.

Deltakaren skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag til å vurdere deltakaren sin kompetanse i *faget*. *Stort fråvær* eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

Merknad

Se merknader til § 3-3 første, andre og tredje ledd.

§ 4-7 skal lyde:

§ 4-7 Undervegsvurdering

Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at deltakaren aukar kompetansen sin i fag.

Undervegsvurderinga i *fag, i orden og i åttferd* skal *givast* løpande og systematisk og kan bli gitt både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde informasjon om kompetansen til deltakaren, og *gi rettleiing om korleis ho eller han kan utvikle kompetansen sin i faget.*

Læraren skal i *undervegsvurderinga* vurdere om deltakarar i grunnskoleopplæring særskilt organisert for vaksne har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 4A-2 og § 5-4.

Deltakarar i grunnskolen med individuell opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. opplæringslova § 4A-2 og § 5-5 første ledd.

Merknad

Se merknader til § 3-11.

§ 4-8 skal lyde:

§ 4-8 Eigenvurdering

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at deltakaren reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Deltakaren skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Merknad

Se merknader til § 3-12.

§ 4-9 skal lyde:

§ 4-9 Halvårsvurdering i fag

Halvårsvurderinga i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til deltakaren opp mot kompetansemåla i læreplanen for det einskilde fag. Ho skal også gi rettleiing om korleis deltakaren kan auke kompetansen sin i faget.

Det skal givast skriftleg og/eller munnleg halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.

Deltakaren skal i tillegg få halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen deltakaren har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga. Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.

Halvårsvurderinga i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn, og ved slutten av opplæringsåret for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.

Dersom opplæringa deltakaren mottok er organisert slik at den ikkje følgjer opplæringsåret, til dømes ved komprimerte løp, skal halvårsvurderinga gis midt i opplæringsperioden. Dersom opplæringa på det enkelte trinnet varar mindre enn eit semester, skal det ikkje gis halvårsvurdering.

Skoleeigar har ansvaret for at *faglæraren* gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter. Dersom skoleeigaren er i tvil om reglane for halvårsvurdering er følgde, kan skoleeigar be om ny fagleg vurdering før halvårskarakterane blir fastsette.

Merknad

Se merknader til § 3-13. Bestemmelsens femte ledd er kun i kap. 4. Merknadene til femte ledd i § 3-13 tilsvarer derfor sjette ledd i § 4-9.

Gjeldende § 4-10 oppheves, ny § 4-10 skal lyde:

§ 4-10 Samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter

Undervegsvurderinga skal fremme læring og gi deltakaren høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen deltakaren har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren i fag skal fastsetjast, jf. §§ 4-3 og 4-12.

Merknad

Det kreves ikke at fravær dokumenteres for deltakere, ellers er bestemmelsen tilsvarende forslag til endring i § 3-16. Se for øvrig merknader til § 3-16.

§ 4-11 femte og sjette ledd oppheves

Merknad

Se merknader til § 3-17 femte og sjette ledd.

Ny § 4-11a skal lyde:

§ 4-11a Samanhengen mellom sluttvurdering og deltakarstatus

Når ein deltakar har fullført og bestått opplæringa i eit fag, skal sluttvurderinga følgje deltakaren fram til kompetansebevis og vitnemål. Deltakaren kan da ikkje få deltakarstatus i faget på nytt.

Ein deltakar som har fått sluttvurdering i eit fag frå vidaregåande opplæring på ungdomstrinnet, jf. § 1-15, kan velje om faget skal godkjennast etter § 1-16, eller velje å ta faget på nytt som deltakar i vidaregåande opplæring.

Merknad

Se merknader til § 3-17a første og andre ledd.

§ 4-12 skal lyde:

§ 4-12 Standpunktkarakterar i fag

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, og som skal førast på vitnemålet. Standpunktkarakter blir berre gitt i heile fag.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser *den* kompetansen deltakaren har i faget, jf. § 4-3. Deltakaren skal *vere* kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakterar.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før gjennomføringa av den første lokalt gitte eksamenen *i faget* på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet.

Skoleeigar har ansvaret for at *faglæraren* set standpunktkarakter. Dersom skoleeigar er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan skoleeigar krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, *har skoleeigar ansvaret for at det blir gjort enkeltvedtak om ikkje å gi standpunktkarakter. For å gjere enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal deltakaren vere varsla, jf. § 4-5.*

Merknad

Se merknader til § 3-18.

Delkapittel IV skal lyde:

IV. Fritak frå vurdering *med karakter*

Merknad

Se merknad til endring av delkapittel IV i kap. 3.

§ 4-14 nytt andre og tredje ledd skal lyde:

Deltakarar som er fritekne frå vurdering med karakter etter det førre leddet, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen, så langt planen avvik frå læreplanen for faget.

Skoleeigaren skal *syte* for at deltakaren i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva *valet* av vurdering utan og med karakter inneber for deltakaren.

Gjeldende andre ledd blir nytt tredje ledd.

Merknad

Se merknader til § 3-20.

§ 4-15 tredje, nytt fjerde og nytt femte ledd skal lyde:

Deltakarar i heile grunnopplæringa, *tidlegare deltakarar* og privatistar i vidaregåande opplæring har også rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei:

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge *målformene*
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.

Berre den fylkeskommunen som kan skrive ut vitnemål for den det gjeld, jf. § 4-34, kan gjere enkeltvedtak om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål etter denne paragrafen.

Deltakarar som er fritekne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

Gjeldende fjerde ledd blir nytt sjette ledd.

Merknad

Se merknader til § 3-22.

Ny § 4-21a skal lyde:

§ 4-21a *Tidspunkt for gjennomføring av sentralt gitt eksamen*

Ved sentralt gitt eksamen skal eksamen starte klokka 09.00 norsk tid, og avsluttast etter fem timar om ikkje anna er oppgitt. Dersom deltakaren eller privatisten har vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen i form av utvida tid, vil vedtaket vere avgjerande for når eksamen skal avsluttast for vedkommande.

Ved tekniske problem kan eksamensstart utsetjast fram til problema er løyste, men i maksimalt éin time. Tapte tid til eksamensgjennomføring skal deltakarane og privatistane få kompensert ved eksamensslutt.

Deltakarar og privatistar som møter opp til eksamen for seint, men før kl. 10.00, skal få gjennomføre eksamen, men dei skal ikkje få kompensert tapte tid. Dei som møter kl. 10.00 eller seinare, får ikkje gjennomføre eksamen.

Det skal som hovudregel ikkje vere høve for deltakarar og privatistar til å forlate eksamenslokalet før kl. 10.00. Unntak må vurderast konkret, der omsynet til ei sikker eksamensgjennomføring og omsynet til helsa til deltakarar eller privatistar veg tungt.

Merknad

Se merknader til § 3-28a.

§ 4-23a oppheves.

Merknad

Se merknader til § 3-30a.

§ 4-28 første og andre ledd skal lyde:

Ein deltakar som har dokumentert fråvær *ved eksamen*, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Deltakaren beheld standpunktkarakteren i faget.

Deltakaren må leggje fram dokumentasjon på at han eller ho var hindra frå å møte til eksamen, at hindringa var uføreseieleg og at han eller ho ikkje kan lastast for hindringa.

Gjeldende andre ledd blir nytt tredje ledd.

Merknad

Se merknader til § 3-35.

§ 4-30 første ledd skal lyde:

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, eller dersom eksamen av *andre årsaker* ikkje er avvikla i samsvar med føresegnene, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen.

Merknad

Se merknader til § 3-37 første ledd.

Forslag til endringer i forskrift til privatskoleloven

I forskrift 14. juli 2006 nr. 932 til privatskoleloven foreslås følgende endringer:

§ 3-2 andre, tredje og femte ledd oppheves. Gjeldende fjerde ledd blir nytt andre ledd.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-2 gjelder tilsvarende.

§ 3-3 første, andre og tredje ledd skal lyde:

§ 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag

Grunnlaget for vurdering i fag er *kompetansemåla* i læreplanane for fag slik dei er fastsette i den læreplanen skolen har fått godkjend etter privatskolelova § 2-3.

Føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Eleven skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag til å vurdere eleven sin kompetanse i *faget*. *Stort fråvær* eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-3 første, andre og tredje ledd gjelder tilsvarende.

§ 3-11 skal lyde:

§ 3-11 Undervegsvurdering

Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag.

Undervegsvurderinga i fag, i orden og i åtferd skal givast løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde *informasjon om kompetansen til eleven, og gi rettleiing om korleis ho eller han kan utvikle kompetansen sin i faget.*

Læraren skal i undervegsvurderinga vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. privatskolelova § 3-6 og opplæringslova § 5-1 og § 5-4.

Elevar med individuell opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. privatskolelova § 3-6 og opplæringslova § 5-5 første ledd.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-11 gjelder tilsvarende.

§ 3-12 skal lyde:

§ 3-12 Eigenvurdering

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og *formålet med eigenvurderinga er at eleven reflekterer over og blir bevisst på eiga læring*. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-12 gjelder tilsvarende.

§ 3-13 skal lyde:

§ 3-13 *Halvårsvurdering i fag for elever*

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven *opp mot* kompetansemåla i den læreplanen skolen har fått godkjend i *det einskilde fag* etter privatskolelova § 2-3. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Det skal *givast skriftleg og/eller munnleg* halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.

Frå 8. årstrinnet skal eleven *i tillegg ha halvårsvurdering* med karakter. Halvårsvurderinga med karakter, eller anna godkjend vurdering, skal gi uttrykk for den kompetansen som er forventa på tidspunktet for vurderinga. *Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.*

Halvårsvurderinga skal frå 8 årstrinnet gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn, og ved slutten av opplæringsåret for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanen skolen har fått godkjend etter privatskolelova § 2-3.

Dagleg leiar har ansvaret for at faglæraren gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter. Dersom dagleg leiar er i tvil om reglane for halvårsvurdering er følgde, kan dagleg leiar be om ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette.

Merknad

Merknader til forskrift til opplæringslova § 3-13 gjelder tilsvarende.

§ 3-14 andre ledd skal lyde:

Frå 8. årstrinnet skal det *også* givast halvårsvurdering med karakter, eller anna godkjend vurdering, i orden og i åtferd. Halvårsvurdering med karakter skal fastsetjast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet, og ved slutten av opplæringsåret *på 8. og 9. årstrinnet.* *Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.*

Merknad

Merknader til forskrift til opplæringsloven § 3-14 gjelder tilsvarende.

Gjeldende § 3-15 oppheves, og erstattes av en ny § 3-15:

§ 3-15 *Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren i fag*

Undervegsvurderinga skal fremme læring og gi eleven høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren i fag skal fastsetjast, jf. §§ 3-3 og 3-17.

Merknader

Merknader til forskrift til opplæringslova § 3-16 gjelder tilsvarende.

§ 3-16 femte ledd og sjette ledd andre og tredje punktum oppheves. Gjeldende første punktum i sjette ledd blir nytt femte ledd.

Merknad

Selv om det vises til ulike bestemmelser, gjelder merknad til forskrift til opplæringslova § 3-17 femte og sjette ledd tilsvarende.

Ny § 3-16a skal lyde:

§ 3-16a Samanhengen mellom sluttvurdering og elevstatus

Når ein elev har fullført og bestått opplæringa i eit fag, skal sluttvurderinga følgje eleven fram til kompetansebevis og vitnemålet. Eleven kan da ikkje få elevstatus i faget på nytt.

Ein elev som har sluttvurdering i eit fag frå vidaregåande opplæring på ungdomstrinnet, jf. § 2A-11, kan velje om faget skal godkjennast etter § 5a-3, eller ta faget på nytt som elev i vidaregåande opplæring.

Ein elev som har fått innvilga omval, kan velje om tidlegare sluttvurderingar i fellesfag skal godkjennast etter § 5a-3, eller velje å ta faget på nytt som elev i vidaregåande opplæring.

Merknad

Merknader til forskrift til opplæringsloven § 3-17a gjelder tilsvarende. Til tross for at det ikke foreligger egne bestemmelser om inntak i forskrift til privatskoleloven, gjelder merknadene om forholdet til kap. 6 i forskrift til opplæringsloven også tilsvarende.

§ 3-17 skal lyde:

§ 3-17 Standpunktkarakterar i fag

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, og som skal førast på vitnemålet.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget, jf. § 3-3. Eleven skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen *i faget* på det aktuelle trinnet innanfor utdaningsprogrammet.

Dagleg leiar har ansvaret for at *faglæraren* set standpunktkarakter. Dersom dagleg leiar er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan dagleg leiar krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har dagleg leiar ansvaret for at det blir *gjort enkeltvedtak om ikkje å gi standpunktkarakter*. For å gjere enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal eleven vere varsla, jf. § 3-7.

For elevar i grunnskolen som er fritekne for opplæringsplikt etter privatskolelova § 3-3 andre ledd, gjeld den siste halvårsvurderinga med karakter som standpunktkarakter, jf. § 3-39 og § 5-1.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-18 gjelder tilsvarende, foruten siste ledd i bestemmelsen som står uendret.

§ 3-18 første ledd skal lyde:

Elevar skal ha standpunktkarakterar i orden og i åtferd etter 10. årstrinnet. I vidaregåande opplæring skal elevar ha standpunktkarakter når dei avsluttar opplæringa i skole.

Merknad

Det er kun henvisningen til læreplanen skolen har fått godkjend etter privatskolelova § 2-3 som her foreslås fjernet. Dette innebærer ingen realitetsendring.

§ 3-19 nytt andre og tredje ledd skal lyde:

Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter det førre leddet, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen, så langt planen avvik frå læreplanen for faget.

Skolen sitt styre skal syte for at eleven og foreldra i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva val av vurdering utan og med karakter inneber for eleven.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-20 gjelder tilsvarende.

§ 3-20 andre, tredje og nytt fjerde ledd skal lyde:

§ 3-20 *Fritak frå vurdering med karakter for minoritetsspråklege elevar som nyleg har kome til Noreg*

Elevar i grunnskolen som har eit enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter privatskolelova § 3-5, der det er fastsett at eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit *innføringstilbod*, kan fritakast frå vurdering med karakter i heile perioden han eller ho er i *innføringstilbodet*. Eleven kan fritakast frå både halvårsvurdering med karakter og standpunktvrdering.

Elevar i vidaregåande opplæring som har eit enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter privatskoleslova § 3-5, der det er fastsett at eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit *innføringstilbod*, kan fritakast frå vurdering med karakter i halvårsvurderinga i heile perioden han eller ho er i *innføringstilbodet*. Eleven kan ikkje fritakast frå krava til standpunktvrdering.

Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

Gjeldende fjerde ledd blir nytt femte ledd.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-21 andre og fjerde ledd gjelder tilsvarende.

Videre kan vi ikke se noen grunn til at begrepet innføringsklasse brukes i forskrift til privatskoleloven, mens innføringstilbud brukes i forskrift til opplæringsloven. «Innføringsklasse» foreslås derfor byttet ut med «innføringstilbod» i denne bestemmelsen.

§ 3-21 tredje, nytt fjerde og nytt femte ledd skal lyde:

Elevar i heile grunnopplæringa og *tidlegare elevar* har også rett til fritak frå vurdering i skriftleg sidemål dersom dei:

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge *målformene*
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.

Berre den skolen som kan skrive ut vitnemål for den det gjeld, jf. § 3-41, kan gjere enkeltvedtak om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål etter denne paragrafen.

Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

Gjeldende fjerde ledd blir nytt sjette ledd.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-22 gjelder tilsvarende.

§ 3-22 skal lyde:

§ 3-22 Fritak frå vurdering med karakter i faget kroppsøving og faget ergonomi og bevegelse

Elevar som ikkje kan følgje opplæringa i *faga kroppsøving eller ergonomi og bevegelse*, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven. Elevar kan få fritak frå vurdering med karakter i *faga* når den tilrettelagde opplæringa eleven får ikkje kan vurderast med karakter. Avgjerda er eit enkeltvedtak. *Fritekne elevar skal ha halvårsvurdering utan karakter og anna undervegs vurdering utan karakter.*

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-23 gjelder tilsvarende.

Ny § 3-26a skal lyde:

§ 3-26a Tidspunkt for gjennomføring av sentralt gitt eksamen

Ved sentralt gitt eksamen skal eksamen starte klokka 09.00 norsk tid, og avsluttast etter fem timar om ikkje anna er oppgitt. Dersom eleven har vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen i form av utvida tid, vil vedtaket vere avgjerande for når eksamen skal avsluttast for vedkommande.

Ved tekniske problem kan eksamensstart utsetjast fram til problema er løyste, men i maksimalt éin time. Tapt tid til eksamensgjennomføring skal elevane få kompensert ved eksamensslutt.

Elevar som møter opp til eksamen for seint, men før kl. 10.00, skal få gjennomføre eksamen, men dei skal ikkje få kompensert tapt tid. Dei som møter kl. 10.00 eller seinare, får ikkje gjennomføre eksamen.

Det skal som hovudregel ikkje vere høve for elevar til å forlate eksamenslokalet før kl. 10.00. Unntak må vurderast konkret, der omsynet til ei sikker eksamensgjennomføring og omsynet til helse til elevar veg tungt.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-28a gjelder tilsvarende.

§ 3-28a oppheves.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-30a gjelder tilsvarende.

§ 3-33 første og andre ledd skal lyde:

Ein elev som har dokumentert fråvær ved eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld standpunktkarakteren i faget.

Eleven må leggje fram dokumentasjon på at han eller ho var hindra frå å møte til eksamen, at hindringa var uføreseieleg og at han eller ho ikkje kan lastast for hindringa.

Gjeldende andre ledd blir nytt tredje ledd.

Merknad

Denne bestemmelsen omfatter ikke privatister. Ellers gjelder merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-35 gjelder tilsvarende.

§ 3-35 første ledd skal lyde:

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, eller dersom eksamen av andre årsaker ikkje er avvikla i samsvar med føresegnene, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-37 gjelder tilsvarende.

§ 3-42 fjerde ledd skal lyde:

Kravet om gjennomført vidaregåande opplæring på normal tid kan etter søknad bli utvida til maksimalt fem år. Dette gjeld dersom eleven har fått innvilga søknad om omval etter forskrift til privatskolelova § 3-3 fjerde ledd og opplæringslova § 3-1 fjerde ledd, eller har fått rett til ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd. Dette gjeld òg om det blir lagt fram skriftleg dokumentasjon på at eleven har vore fråverande frå opplæringa ein lengre periode i løpet av eit opplæringsår på grunn av

a) internasjonal utveksling som medfører tap av opplæringstid

b) folkehøgskole, verneplikt eller omsorgsarbeid som er utført i minst seks månader av opplæringsåret, eller

c) langvarig sjukdom.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 3-43 gjelder tilsvarende.

§ 5a-2 skal lyde:

Dagleg leiar kan etter søknad gi elevar i vidaregåande opplæring fritak frå opplæring i kroppsøving. Eleven må leggje fram ei fråsegn frå lege som dokumenterer at opplæringa

er til skade for eleven, og at tilpassa opplæring ikkje er mogleg, *jf.* § 3-22. Dagleg leiar si avgjerd er eit enkeltvedtak.

Merknad

Merknadene til forskrift til opplæringsloven § 1-12 gjelder tilsvarende.